

Høyringsfråsegn frå Stord Ungdomsråd i høve regulering av Storavatnet (saksnummer 200702715)

Stord ungdomsråd er uroa for at reguleringa av Storavatnet skal gjera at me i framtida ikkje skal ha like stor glede av vatnet som me har hatt til no !

Me er redde for at isen blir mindre trygg om vinteren, dersom vatnet blir regulert. Me kan ikkje finna noko om dette punktet i søknaden. Det er mange ungdommar som brukar vatnet som skeisebane, både i skuletida og på fritida. Det er dumt dersom me ikkje skal kunna vera trygge på isen i vintrane som kjem.

Badestrendene i Storavatnet blir av dei tøffaste ungdommane brukt frå april til oktober. Ungdomsrådet er redd for at det skal bli farlegare å stupa og hoppa frå stupebrett og fjellnabbar når det i lengre periodar vert mindre vatn i Storavatnet. I tillegg er me redde for vond lukt og gjørmete badestrender, spesielt på Nysæterneset, Nysæterstranda (ved gamle Nysæter mat) og stranda ved Vassenden.

Me er så heldige at lærarane ved mange av skulane på Stord tar elevane med på kano og kajakturar i Storavatnet. Me er redde for at det ikkje blir like kjekt å padla i Storavatnet i framtida, dersom det ikkje går an å padla mellom alle holmane, slik som i dag.

Mange ungdommar likar å køyra cross i Hustrudalen. Me er redde for at vegen inn til banen kan bli liggande under vatn, dersom vatnet blir regulert. I tillegg har me høyrte at deler av crossbanen og klubbhuset kan bli liggande under vatn.

Den nye lysløypa i Hustrudalen blir mykje brukt både til jogging og turgåing. Me er redde for at deler av vegen skal bli liggande under vatn dersom vatnet blir regulert.

Stord, 1. oktober 2013

På vegne av Stord ungdomsråd

Arja Myhre (leiar) og Hanna Ask (representant Nysæter)